



Harald Olsen
Bruvegen 48
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1638 - 14/10452

Saksbehandlar:
Siril Therese Sylta
Siril.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:
02.05.2014

Løyve til oppføring av tilbygg/Endring av vedtak etter klage - gbnr 188/288 Gjervik ytre

Vedtak

Kommunen gjev løyve til oppføring av tilbygg på ca 18 m² i samsvar med teikningar, kart og skildring mottatt 09.01.2014, jf plan- og bygningslova (pbl) § 20-2.

Administrasjonen har vurdert innsendte klage, og finn grunnlag for å endre avslag datert 05.02.2014 på bakgrunn av innsendte klage. Klagen vert med dette tatt til følge.

Den ansvarlege for tiltaket skal sjå til at arbeida blir gjennomført i samsvar med gjeldande lov og regelverk. Ikkje noko arbeid må utførast utover det som er omfatta av løyvet.

Dette løyvet, med dei kart og teikningar det vert vist til, skal alltid vera tilstade på byggeplassen. Eventuelle endringar må søkjast om og godkjennast av kommunen før dei kan gjennomførast.

Søknaden

Saka gjeldt søknad om oppføring av tilbygg med BYA på 18 m² til rekkehus. Det er Knatten burettslag som er eigar av gbnr 188/288.

Det vart gjeve avslag på søknaden i vedtak datert 05.02.2014.

Det er motteke klage på avslaget i brev motteke 17.02.2014 frå tiltakshavar. Vedlagt klagen er det lagt ved skriv frå nabo Birte T. Nilsen datert 13.02.2014.

Nabotilhøve og andre sine kommentarar

I medhald av reglane i plan- og bygningslova § 21-3 andre ledd blir det gjeve fritak for varsling av naboar. Ein finn at deira interesser ikkje blir råka av arbeidet.

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733



Plangrunnlag

Eigedommen er regulert til bustad i reguleringsplanen for Felt B Knarvik vedtatt 08.07.1967.

Visuell utforming

Tiltaket vert godkjent på bakgrunn av at det vert nytta same teikningsmaterieill og utforming som det som styret vedtok i sitt brev datert 26.06.2010. All vidare utbygging på eigedommen skal følgje same storleik og utforming.

Tiltaket har etter plan- og bygningsstyresmakta sitt skjøn gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv og i høve til si funksjon og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf plan- og bygningslova § 29-2.

Plassering og høgdeplassering

Plassering av tiltaket skal utførast i medhald av dette vedtaket og godkjente teikningar.

Tiltaket si plassering skal koordinatutreknaast. Kart- og koordinatliste for ferdig plassering skal vedleggast søknad om mellombels bruksløyve eller ferdigattest, jf pbl § 21-10.

Andre forhold

I sak 2010/1448 vart det sendt inn skriv datert 26.06.2010 frå formann i Knatten borettslag, der det går fram at burettslaget har vedteke at dei som ønskjer det skal kunne søkje om å byggje tilbygg på framsida av huset. Det er dette skrivet som er lagt til grunn ved handsaming i denne saka. Kopi av vedtaket vert sendt til burettslaget.

Tilsvarande utbygging i burettslaget må utformast og byggjast etter same teikningar som omsøkte tiltak.

Omsøkte tiltak er ei utviding av arealet der det i dag er vist klebod. Det er søkjar sitt ansvar å sikra at bodkrava for omsøkte tiltak er stetta.

Gebyr

Gebyr er gjeve i avslag datert 05.02.2014.

Klagerett.

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jfr. fvl. § 28. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagd innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open (fylkesmannen). Søksmål skal likevel i alle tilhøve kunne reisast når det er gått 6 månadar frå klage fyrste gong blei

levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar si side at klageinstansen si avgjerd ikkje føreligg jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Siril Therese Sylta
konstituert fagleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Knatten Borettslag v/Finn Øvstegard Postboks 7280

5020

BERGEN

Mottakarar:
Harald Olsen

Bruvegen 48

5914

ISDALSTØ